



MØTEREFERAT - Planforum

Referat frå:
Møteleiar: Eva-Katrine Taule
Referent: Hans-Christian Engum

Møtedato: 26.05.2015
Møtestad: Fylkeshuset
Ref.dato: 04.06.2015

Tid: 13.00
– 15.00
Arkivsak:
Arkivnr.:

Deltakarar: Eva Katrine Taule (HFK), Hans-Christian Engum (HFK), Hans Vindenes (ordførar Fusa kommune, Aina Tjosås (Os kommune), Vidar Totland (BRB), Kari Veseth Kinden (SVV), Kari Patricia Kleppe (HFK), Gunnhild Raddum (HFK), Ola Midttun (Fiskeridir), Anne Guri Aase (FM), Gundrun Stefansdottir (FM), Per Nordmark (HFK), Lars Birkenes (HFK), Monika Serafinska (HFK), May-Britt Hernes (Asplan Viak).

Fråvær:
Kopi til:

Interkommunal næringsarealplan for Os, Samnanger og Fusa

May-Britt Hernes frå Asplan Viak presenterte utkast til interkommunal plan

- Det er eit mål å ha felles retningslinjer for alle kommunane
- Planen skal ha strategiske temakart
- Kommunane er svært ulike med omsyn til arbeidsplassdeknad og pendling. Os og Samnanger har stor utpendling, mens Fusa er tilnærma i balanse mellom busette og tilsette.
- Mål om å ta 20% av behov for nytt næringsareal i Bergensområdet fram mot 2040.
- Hordalandsdiagonal kan auke pendlingsområdet betydeleg
- Tilgang til sjø bør vektleggast i søken etter nytt areal
- Fusa ønskjer meir areal inn i planen, dei andre to kommunane har tilstrekkeleg i dagens arealdelar i kommuneplanen.
- Os/Samnanger ønskjer å utbetre eksisterande areal betre. Det blir fokusert på at ikkje bustadareal skal låse framtidig utvikling, men at det er rom for ekspansjon.
- Retningslinjene: Nokre er meir mot strategiar. Ønskjer innspel på desse.

Innspel

- Det er behov for omgrepsavklaring i plandokumentet: Kva er arealkrevjande verksemder, og kva er arbeidsplassintensiv? Planen må vere tydeleg på kva som er omfatta av desse omgrepa.
- Flytande skilje mellom handel og næring. Problemtisk med å ha Industri, lager og kontor i ein og same kategori.
- Regional plan for attraktive senter: Planen peiker på at sentera må ha eit visst volum for at dei skal vere attraktive. 10.000 innbyggjarar for å ha ein del av dei funksjonane ein ønskjer seg i regionsenter.
- Det er behov for ein tydelegare differensiering i planen, det er forskjell på Os og dei andre kommunane med omsyn til kollektivtilgjengelegheit etc.
- Samlokalisering av funksjonar er viktig og vektlagt sterkt i Regional plan for attraktive senter. Arna er peika på som regionsenter for Samnanger. Viktig å byggje opp omkring region og kommunesenter.
- Viktig at planen er tydeleg på forholdet mellom Tysse og Bjerkheim, sjølv om dette kanskje er mest relevant i kommuneplanen for Samnanger.
- Det vart stilt spørsmål ved kvifor temaet handel var heldt utanfor planen. Ein bør vere varsom med handelsetableringar utanfor etablerte senter i kommunane sin senterstruktur.

- Planen bør leggje opp til å fortette i eksisterande område og leggje til grunn arealeffektivitet. Det vart stilt spørsmål ved om generell utnyttingsgrad på BRA-70% er for lavt. Her bør det og differensierast mellom arealkrevjande og arbeidsplassintensiv næring. Arealkrevjande kan med fordel ha maksimumsnormer, mens arbeidsplassintensive bør ha minimumsnormer for grad av utnytting. Sjå på aktuelle nye næringsområde er lurt, kva er realistiske tettleiksgrader.
- Marknaden vil i stor grad påverke lokaliseringa av verksemder. Det er likevel viktig at planlegginga gir klare føringar for lokalisering.
- Planen legg lite vekt på kollektivtransport. Dette må i blir betre innarbeida i plandokumentet. Kan det bakast inn i retningsliner og leggst til grunn for lokalisering av større arbeidsplassintensive verksemder?
- Det er eit ønskje får kommunane at ein skal få etablere arbeidsplassar der folk bur, i tillegg til prioritering i forhold til prioriterte fylkesveggar.
- Akvakultur er ei viktig og veksande næring i regionen. Kvifor er fiskeri/akvakultur utelatt frå planen? Maritim næring er framtidens næring og burde vore synleggjort i planarbeidet. Dette er tre kommunar med sjøtilgang. Dette burde vore vektlagt i planarbeidet. Bakgrunnen for dette var:
 - Andre planar skulle ta dette inn (regional kystsoneplan, interkommunal plan for strandsona etc).
 - Areal for akvakultur på land er aktuelt i framtida.
- Kva med analysar som grunnlag for markedsføring. Skal dette vere ein del av planen?
- Har ein vurdert behov for annan infrastruktur som breiband, vann- og avløp etc. Eit kapittel i planen omtalar dette. Breiband let seg ofte ordne ved etablering av næringsareal.
- Det er eit noko manglande fokus på klima og miljø i planen.
- Viktig å ivareta næringsareal i konflikt og konkurranse med andre føremål som bustad etc.

Forholdet til kommuneplanane

- Utfordrande med dette planniivået, nytt med strategisk plan for fleire kommunar.
- Den interkommunale planen er tenkt som ein strategisk temaplan. Kommuneplanane skal vere dei som er juridisk bindande. Må vere likelydande vedtak i alle kommunane. Ikkje sikkert at alle kommunane tek alt inn.
- Det skal ikkje vere konkrete arealkart som vil vere juridisk bindande og må bli sett nærare på av sektormyndigheitene.
- Største mogelege konflikten med kulturminne er på Mjånes slik planen ser ut no.

Samarbeid

- Planen vil ikkje i seg sjølv legge til rette for eit formelt samarbeid på næringsetablering og politikk mellom kommunane på det noverande tidspunkt. Planen er berre innretta mot arealbehovet for utvikling av næringslivet i regionen.
- Det er allereie samarbeid, Bjørnefjorden næringsforening og Business Region Bergen.
-

Framdrift:

- Framdriftsplanen legg til grunn at planen skal bli vedteken i oktober.
- Kort tid til å gjere endringar før planen skal på høyring.
- Styringsgruppa har mandat til å leggje planen på høyring